

## Vurdering av konsekvensutgreiing for fv 5591 Rørdalsfjord Bru

Vedlegget inneheld tabellen for vurdering av konsekvensutgreiing. Tabellen tar ut dei mest sentrale punkt for konsekvensutgreiing og er i tråd med plan- og bygningslova.

Førebels vurdering i høve forskrift om konsekvensutredninger 2017	Ja	Nei	Vurderingar
<b>Fell tiltaket inn under § 6 Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding?</b>			
a) kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar		x	Dette er ein detaljreguleringsplan etter § 12-3, og omfattast ikkje av dette punktet.
b) reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen		x	Detaljreguleringsplanen for Rørdalsfjord Bru kjem ikkje inn under vedlegg I, og omfattast ikkje av dette punkt.
<b>Kriterium for vedlegg I:</b>			
7 b) Motorveier og andre avkjørselsfrie veier som er forbeholdt motorisert trafikk.		x	Detaljreguleringsplanen for Rørdalsfjord Bru skal ikkje vedtakast av eit departement, og omfattast ikkje av dette punkt.
7 c) Anlegg av ny vei med minst fire kjørefelt eller utbedring av en eksisterende vei som har to kjørefelt slik at den får minst fire kjørefelt, dersom en slik vei har en lengde på minst 10 km		x	Omfang av tiltaket er ikkje av ein storleik som fel inn under punkt 7 c).
7 e) Andre vei- og jernbanetiltak med investeringskostnader på mer enn 750 millioner kr. (mindre veier omfattes av vedlegg II nr. 10 e).		x	Investeringskostnader i prosjektet er under 750 millioner kr.
<b>Fell tiltaket inn under § 8 Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn? (ikkje krav om planprogram)</b>			
a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.	x		Det konkrete tiltaket er ikkje utgreidd i ei tidlegare plan/kommuneplan. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til LNF-område og

(Mindre veier er omfatta i vedlegg II pkt. 10 e. Kriterium for vurdering er gitt i §10)			tiltaket er i strid med overordna plan. Reguleringsplanen vert derfor omfatta av vedlegg II, punkt 10 Infrastrukturprosjekter, bokstav e i. «Bygging av veier». Planområdet skal dermed vurderast nærare i høve til vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Omfang av utgreiingar/tema må vurderast nærmare i samband med Solund kommune.
<b>§10 Kriterier for vurdering av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn</b>			
(Sjå ordlyden i heile paragrafen, og vurder ev. og egenskaper (andre ledd) og vurderingar omtalt under fjerde ledd. Vanlegvis er kriterium gitt for lokalisering og påverknad i tredje ledd mest relevante)			
a) Storleik, planområde og utforming		x	Vurdering: Planområdet er naturleg avgrensa, for å sikre areal til ny bru over Rørdalsfjord i tilknytning til eksisterande veglinjer og inngrep.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar		x	Vurdering: Detaljreguleringsplanen legg til rette for omdisponering av eit LNF-område i kommuneplanen. eksisterande vegareal/bru blir erstatta av ny bru over Rørdalsfjorden, og regulerast til vegareal. Omdisponeringa vert vurdert til å ikkje medføre vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Tiltaket medfører ikkje bruk av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar. Tiltakets påverknad på naturmangfald/naturressursar, areal og landskap vil bli utgreidd særskilt, og grundig skildra og vurdert som del av planomtalen.

c) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer		x	Vurdering: Detaljreguleringsplanen medfører ikkje risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer. Tvert imot vil den planlagte trafikkløysinga gjere dei trafikale forholda betre for næringsliv og busetnad på Ytre Sula.
<b>Kriterium for lokalisering og påverknad, § 10, tredje ledd:</b>			
a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven §11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI, prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven		x	Vurdering: Det er ikkje registrert verneområde etter naturmangfoldlova kapittel V, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova innanfor plangrensa. Detaljreguleringsplanen for Rørdalsfjord bru omfattast derfor ikkje av dette punktet.
b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv		x	Vurdering: Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift eller områder som er særleg viktige for friluftsliv innanfor plangrensa. I Rørdalsfjorden er det i gjeldande kommuneplan regulert for fiske, næringsbebyggelse, og akvakultur. Påverknad ved utfylling i sjø, vert vurdert i planomtalen. Planen legg ikkje til rette for ei vesentleg endring av landskapet, då ny bru skal plasserast tilnærma på dagens nivå.

			Tema landskap vil bli grundig skildra og vurdert i planomtalen. Området ligg innanfor omsynssone H530_Friluftsliv. Det skal takast med i vurderingane av tiltak innafor omsynssone for friluftsliv, kva verknad tiltaket har på eksisterande eller framtidig tilrettelegging og bruk av områda til friluftsliv og rekreasjon. Inngrep i sårbar natur/landskap, vannmiljø skal kartleggast.
c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77		x	Vurdering: Detaljreguleringsplan for Rørdalsfjord Bru vert vurdert til å ikkje komme i konflikt med SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, SPR for klima- og energiplanlegging i kommunane, RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga eller RPR for verna vassdrag.
d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks- natur- og friluftslivformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet		x	Vurdering: Det vert ikkje utløyst ein større omdisponering av areal avsett til landbruks- natur- og friluftslivformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd. Ny bru over Rørdalsfjorden, vil erstatta eksisterande bru.
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet		x	Vurdering: Planområdet er ikkje i eit område der det er fastsette miljøkvalitetsstandarder som er overskridne.
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning		x	Vurdering: Detaljreguleringsplanen for Rørdalsfjord Bru, eller bygging

			av brua, vil ikkje medføre konsekvensar for befolkninga si helse.
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp		x	Vurdering: Detaljreguleringsplan for Rørdalsfjord bru, eller bygging av ny bru, vil ikkje medføre vesentleg forureining eller klimagassutslipp. Som del av planen vert da utarbeida en ytre miljøplan i tillegg til klimavurderingar for prosjektet i høve til krav i VLFK og Solund kommune.
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfare som ras, skred eller flaum		x	Vurdering: Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred, fjellskred og kvikkleire. Flaumsonkartlegging og havnivåstigning vil bli utgreia og dokumentert i planen. ROS-analyse vil bli utarbeida og vedlagt planen.
<b>Utløyser planen krav om KU?</b>		x	Med bakgrunn i vurderingane som er gjort, vurderar Vestland fylkeskommune at planen ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og at det derfor ikkje er krav om konsekvensutgreiing.
<b>Er det krav om planprogram?</b>		x	